

**Til Noregs Bank**

30.09.2021

**Tilråding om å utelukke Li Ning Co Ltd fra Statens pensjonsfond utland**

## **Samandrag**

Etikkrådet tilrår å utelukke Li Ning Co Ltd (Li-Ning) frå Statens pensjonsfond utland (SPU) på grunn av en uakseptabel risiko for at selskapet medverkar til alvorlege menneskerettsbrot i Xinjiang, Kina.

Li-Ning er eit kinesisk selskap som produserer og sel sportsklede og -utstyr. Selskapet er børsnotert på Hong Kong Stock Exchange. Ved utgangen av 2020 eigde SPU aksjar for 1,76 milliardar kroner i selskapet, tilsvarande ein eigardel på 1,2 prosent.

Det er mange nyheitsoppslag og rapportar som beskriv pågåande menneskerettsbrot i Xinjiang, både kva gjeld interneringsleirar og bruken av tvangsarbeid. Det er derfor godt dokumentert at det å produsere i eller kjøpe bestemte produkt frå denne regionen, inkludert tekstilar og bomull, inneber ein særleg risiko for å verte involvert i tvangsarbeid.

Informasjon som er publisert på kinesiske nettsider, tilseier at Li-Ning i 2017 inngjekk ein samarbeidsavtale med selskapet Xinjiang Jinfujie Clothing Co Ltd (Jinfujie). Avtalen skulle ifølgje desse kjeldene gjere Jinfujie til Li-Ning sin "produksjonsbase". Offentleg tilgjengeleg informasjon tilseier at Jinfujie har produksjon i ein interneringsleir i Xinjiang, og at selskapet har fleire produksjonsfasilitetar i regionen der selskapet skal ha motteke mange arbeidarar gjennom statelege sysselsettingsprogram retta mot etniske minoritetar. Li-Ning er også knytt til menneskerettsbrot i Xinjiang gjennom andre leverandørar.

I lys av den føreliggande informasjonen, samt den generelle risikoen knytt til tekstilproduksjon i Xinjiang, meiner rádet at det er risiko for tvangsarbeid knytt til Li-Ning si verksemrd. Etikkrådet har ikkje motteke informasjon som tilseier at Li-Ning har undersøkt eller adressert denne risikoen, korkje kva gjeld Jinfujie eller andre leverandørar. Når selskapet heller ikkje svarar på rádet sine førespurnader, konkluderer rádet med at risikoen for at selskapet medverkar til grove mennerettsbrot er uakseptabel.

# **Innhald**

<b>1</b>	<b>Innleiing</b>	<b>1</b>
1.1	Kva rådet har teke stilling til	1
1.2	Kjelder	2
<b>2</b>	<b>Bakgrunn</b>	<b>2</b>
<b>3</b>	<b>Li-Ning si tilknyting til normbrota i Xinjiang</b>	<b>3</b>
<b>4</b>	<b>Informasjon frå selskapet</b>	<b>4</b>
<b>5</b>	<b>Etikkrådet si vurdering</b>	<b>4</b>
<b>6</b>	<b>Tilråding</b>	<b>5</b>

# 1 Innleiing

Etikkrådet for Statens pensjonsfond utland (SPU) har vurdert fondet si investering i Li Ning Co Ltd<sup>1</sup> (Li-Ning) opp mot retningslinjer for observasjon og utelukking frå SPU (dei etiske retningslinjene).<sup>2</sup> Denne tilrådinga gjeld selskapet si tilknyting til menneskerettsbrot i Xinjiang, Kina.

Li-Ning er eit kinesisk selskap som produserer og sel sportsklede og sportsutstyr. Selskapet er børsnotert på Hong Kong Stock Exchange.

Ved utgangen av 2020 eigde SPU aksjar for 1,76 milliardar kroner, tilsvarande ein eigardel på 1,2 prosent i selskapet.

## 1.1 Kva rådet har teke stilling til

Etikkrådet har vurdert fondet si investering i Li-Ning opp mot dei etiske retningslinjene § 3 bokstav a: «Observasjon eller utelukkelse kan besluttas for selskaper der det er en uakseptabel risiko for at selskapet medvirker til eller selv er ansvarlig for (...) grove eller systematiske krenkelser av menneskerettighetene.»

I vurderinga av om selskapet har medverka til grove eller systematiske krenkingar av menneskerettane nyttar rådet internasjonalt anerkjende konvensjonar og autoritative tolkingar av desse. Denne tilrådinga byggjer i hovudsak på FN sin konvensjon om sivile og politiske rettar og ILO-konvensjon nummer 29 og 105 om tvangsarbeid.<sup>3</sup> Rådet legg også vekt på FN sine rettleiande prinsipp for næringsliv og menneskerettar.<sup>4</sup>

Konvensjonen om sivile og politiske rettar artikkel 8 og ILO-konvensjon nr. 29 artikkel 2 forbyr tvangsarbeid, definert i ILO-konvensjonen som arbeid som krevst av nokon under trugsmål om straff og som ein ikkje har meldt seg til frivillig. ILO-konvensjon nr. 105 artikkel 1 forbyr også tvangsarbeid som eit middel til politisk tvang eller opplæring og til å mobilisere og gjere bruk av arbeidskraft for økonomiske utbyggingsføremål.

Sjølv om det er statar og ikkje selskap som er forplikta etter internasjonale menneskerettskonvensjonar, kan selskap medverke til å krenke menneskerettane. Etikkrådet tek ikkje stilling til om statar har ansvar for eventuelle menneskerettsbrot. Det er tilstrekkeleg å konstatere at det aktuelle selskapet opptrer på ein slik måte at det vil innebere medverknad til grove eller systematiske krenkingar av internasjonalt anerkjende menneskerettar.

For å slå fast at eit selskap medverkar til å krenke menneskerettane, må det vere ein samanheng mellom selskapet si verksemd og dei aktuelle normbrota, og selskapet må anten ha medverka aktivt til brot eller kjent til normbrota utan å gjere noko for å hindre dei. Normbrota må vere pågåande, eller det må være ein uakseptabel risiko for at krenkingar kan skje i framtida. I vurderinga av risikoen for nye krenkingar kan tidlegare normbrot gi ein

---

<sup>1</sup> Issuer ID: 8987654

<sup>2</sup> Retningslinjer for observasjon og utelukkelse av selskaper fra Statens pensjonsfond utland, <https://lovdata.no/forskrift/2014-12-18-1793>.

<sup>3</sup> ILO nr. 29 overenskomst om tvangsarbeid, <https://lovdata.no/TRAKTAT/traktat/1930-06-28-1> og ILO nr. 105 konvensjon om avskaffelse av tvangsarbeid, <https://lovdata.no/TRAKTAT/traktat/1957-06-25-1>

<sup>4</sup> FN sin høgkommissær for menneskerettar, FN sine rettleiande prinsipp for næringsliv og menneskerettar, 2011 [https://www.ohchr.org/documents/publications/GuidingprinciplesBusinesshr\\_en.pdf](https://www.ohchr.org/documents/publications/GuidingprinciplesBusinesshr_en.pdf)

indikasjon på framtidige handlingsmønster. Rådet legg også vekt på kva selskapet gjer for å hindre normbrot.

Frå stortingsmeldinga om Statens pensjonsfond 2021 følgjer det at ein i enkelte saker, der tilgangen til informasjon er avgrensa, kan legge vekt på risikofaktorar på land- og sektornivå.<sup>5</sup> I denne saka er informasjonen om selskapet si potensielle medverknad til normbrot avgrensa, og det er ikkje mogeleg å gjere feltundersøkingar. Etikkrådet har derfor lagt vekt på dei nemnde risikofaktorane i denne tilrådinga. Stortingsmeldinga stadfestar også at det kan leggast vekt på at selskapa ikkje svarar på førespurnader fra Etikkrådet.<sup>6</sup>

## 1.2 Kjelder

Etikkrådet har i denne saka nytta offentleg tilgjengelege kjelder, mellom anna frå statlege og internasjonale organ. Rådet har også nytta nyheitsoppslag frå media.

Alle nettsider som det vert referert til, vart sist besøkt 10. september 2021.

## 2 Bakgrunn

Xinjiang er ein region nordvest i Kina der om lag 45 prosent av befolkninga hører til den etniske minoriteten uigurane. Dei siste åra har styresmaktene trappa opp tryggingstiltaka i regionen betydeleg, mellom anna i form av omfattande overvakningssystem.<sup>7</sup> Det er rapportert at over ein million uigurar og andre etniske minoritetar har vorte plassert i interneringsleirar.<sup>8</sup> Myndighetene seier at leirane er omskoleringscenter som har som føremål å tilby arbeidsopplæring og hindre radikalisering.<sup>9</sup>

Samstundes med at det har kome mange nyheitsoppslag og rapportar om overvakning og interneringsleirar, har det også kome skuldingar om tvangsarbeid i Xinjiang.<sup>10</sup> Fleire rapportar og avisartiklar beskriv at uigurar og andre etniske minoritetar har vorte utsett for tvangsarbeid, anten i direkte tilknyting til interneringsleirane eller andre stader, som ein del av statlege leia sysselsettingsprogram med føremål om å nedkjempe fattigdom.<sup>11</sup>

Bomullsproduksjon har vorte trekt fram som ein sektor med særleg høg risiko for tvangsarbeid, ofte organisert av det statlege organet Xinjiang Production and Construction Corps (XPCC).<sup>12</sup> Skuldingane om tvangsarbeid vert bestridt av kinesiske styresmakter.<sup>13</sup>

---

<sup>5</sup> Meld. St. 24 (2020–2021) Statens pensjonsfond 2021, s. 139, <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-24-20202021/id2843255/>

<sup>6</sup> Meld. St. 24 (2020–2021) s. 140.

<sup>7</sup> For bakgrunnsinformasjon, sjå Etikkrådet si tilråding om Hangzhou Hikvision Digital Technology Co Ltd, 18. September 2020, <https://etikkradet.no/hangzhou-hikvision-digital-technology-co-ltd-2/>

<sup>8</sup> ChinaFile, *Where Did the One Million Figure for Detentions in Xinjiang's Camps Come From?*, 8. januar 2019. <https://www.chinofile.com/reporting-opinion/features/where-did-one-million-figure-detentions-xinjiangs-camps-come>

<sup>9</sup> State Council Information Office, *Vocational Education and Training in Xinjiang, Preface*, august 2019, [http://english.scio.gov.cn/node\\_8013699.html](http://english.scio.gov.cn/node_8013699.html)

<sup>10</sup> New York Times, *China's Detention Camps for Muslims Turn to Forced Labor*, 16. desember 2018 <https://www.nytimes.com/2018/12/16/world/asia/xinjiang-china-forced-labor-camps-uighurs.html>

<sup>11</sup> New York Times, *Inside China's Push to Turn Muslim Minorities Into an Army of Workers*, 30. desember 2019, <https://www.nytimes.com/2019/12/30/world/asia/china-xinjiang-muslims-labor.html>

<sup>12</sup> BBC, *China's 'tainted' cotton*, desember 2020 <https://www.bbc.co.uk/news/extra/nz0g306v8c/china-tainted-cotton>

<sup>13</sup> The State Council Information Office of the People's Republic of China, *Employment and Labor Rights in Xinjiang*, september 2020, <https://www.chinadaily.com.cn/a/202009/17/WS5f62eda8a31024ad0ba7a273.html>

FNs kommissær for menneskerettar har fleire gonger bedt om tilgang til Xinjiang for å gjere feltundersøkingar, men det har så langt ikkje latt seg gjere.<sup>14</sup>

I mars 2021 sanksjonerte EU fleire kinesiske tenestemenn samt XPCC *Public Security Bureau* på grunn av menneskerettsbrota i Xinjiang.<sup>15</sup> Frå grunngivinga bak sanksjonane følgjer det:

*As the organisation in charge of security policies within the XPCC, the XPCC Public Security Bureau is responsible for serious human rights violations in China, in particular large-scale arbitrary detentions and degrading treatment inflicted upon Uyghurs and people from other Muslim ethnic minorities, as well as systematic violations of their freedom of religion or belief, linked, inter alia, to the XPCC's implementation of a large-scale surveillance, detention and indoctrination programme targeting Muslim ethnic minorities. As part of the aforementioned programme, the XPCC uses Uyghurs and people from other Muslim ethnic minorities as a forced workforce, in particular in cotton fields. As the organisation in charge of security policies within the XPCC, the XPCC Public Security Bureau is responsible for the systematic use of forced labour.*

### 3 Li-Ning si tilknyting til normbrota i Xinjiang

Ifølgje selskapsprofilar og annonsar på fleire kinesiske nettsider inngjekk Li-Ning i 2017 ein samarbeidsavtale med selskapet Xinjiang Jinfujie Clothing Co Ltd (Jinfujie).<sup>16</sup> Avtalen skulle ifølgje nettsidene gjere Jinfujie til Li-Ning sin "produksjonsbase". Jinfujie er eit selskap som søker å bidra til å implementere styresmaktene sin politikk for å nedkjempe fattigdom.<sup>17</sup> Selskapet skal ha produksjon i ein av interneringsleirane, *Kashgar Education and Training Centre*. Jinfujie har også produksjonsfasilitetar i Xinjiang der selskapet skal ha motteke mange arbeidarar gjennom statelege sysselsettingsprogram retta mot etniske minoritetar. Leiinga i selskapet skal ha erfaring frå militæret, og arbeidarane skal vere underlagt opplæring i "militær-stil", samstundes som selskapet søker å endre arbeidarane sin ideologi.

Jobbannonsane som beskriv forretningssamarbeidet mellom Jinfujie og Li-Ning, er tilsynelatande posta av Jinfujie i 2019 og 2020. Informasjonen om Li-Ning er ein del av selskapsprofilen til Jinfujie på nettstadene der annonsane er posta, for så å verte gjenteke i utlysingane. Forretningssamarbeidet mellom dei to selskapa er også omtala i ein post på sosiale medier-plattforma Meipian, som viser bilete og video av uigurar som arbeider for

<sup>14</sup> Reuters, *U.N. rights chief seeks Xinjiang visit this year, says HK trials key test*, 21. juni 2021, <https://www.reuters.com/world/china/bachelet-seeks-xinjiang-visit-this-year-says-hk-trials-key-test-2021-06-21/>

<sup>15</sup> Official Journal of the European Union, 22. mars 2021, <https://eur-lex.europa.eu/legal-content/EN/TXT/PDF/?uri=OJ:L:2021:099I:FULL&from=EN> Noreg slutta seg til sanksjonane 29.mars 2021: Regjeringen.no, EU-erklæring om restriktive tiltak mot alvorlige menneskerettighetsbrudd, <https://www.regjeringen.no/no/tema/europapolitikk/tema-norge-eu/utenriks-sikkerhetspolitisk-samarbeid/fusp-erklaringer/2021/eu-erklaering-om-restriktive-tiltak-mot-alvorlige-menneskerettighetsbrudd/id2842048/>

<sup>16</sup> [Informasjon på kinesisk] 58.com (nettbasert rubrikkmarknad), *Xinjiang Jinfujie Clothing Co., Ltd.*, <http://qy.58.com/54517304498713/>. Den same informasjonen framgår også selskapsprofilar for Jinfujie på XJHR.com <https://www.xjhr.com/zhaopin/568084.html> og Gongsicom.cn og Tiansancha.com (avgrensa tilgang)

<sup>17</sup> [Informasjon på kinesisk] Southcn.com (Kinesisk statskontrollert media), *Shenzhen to help entrepreneurs: getting more than 3000 Uighur people "from the stove to the machine"*, 1. november 2018, <http://pc.nfapp.southcn.com/39/1621999.html> og Ministry of Poverty Reduction /China Federation of Industry and Commerce, *National "million enterprises to help million villages" industry poverty alleviation site promotion will be held in Gan*, 24. oktober 2018, [http://www.acfic.org.cn/wqbwc/xddt/201810/t20181024\\_68909.html](http://www.acfic.org.cn/wqbwc/xddt/201810/t20181024_68909.html)

Jinfujie.<sup>18</sup> Arbeidarane er ikledd grå og oransje uniformer og er oppstilt for ein parade, medan dei ropar slagord.

I ein rapport frå 2020 frå tenketanken *Australian Strategic Policy Institute* er Li-Ning nemnd blant fleire andre selskap som kjøper frå to andre selskap knytt til tvangsarbeid i Xinjiang, Changji Esquel Textile Co. Ltd (Esquel) and Victory City International Holding Ltd (Victory City).<sup>19</sup> Medan Esquel skal ha hatt uigurar som arbeida på ein av fabrikkane sine i Xinjiang, skal eit datterselskap av Victory City ha motteke arbeidarar frå Xinjiang ein anna stad i landet.

Kva gjeld kjøp av bomull frå Xinjiang, har Li-Ning offentleg uttrykt at selskapet vil halde fram med å kjøpe denne til trass for skuldingar om tvangsarbeid.<sup>20</sup> Det er også rapportert at selskapet merkar ein del av produkta sine som "made of Xinjiang cotton".<sup>21</sup>

## 4 Informasjon frå selskapet

Etikkrådet kontakta Li-Ning i april 2021 med fleire spørsmål. I juni 2021 sendte rådet utkast til tilråding til selskapet. Li-Ning har ikkje svara på breva frå rådet.

## 5 Etikkrådet si vurdering

Etikkrådet har vurdert fondet si investering i Li-Ning opp mot menneskerettskriteriet i dei etiske retningslinjene. Spørsmålet er om det er ein uakseptabel risiko for at selskapet medverkar til alvorlege menneskerettsbrot i Xinjiang.

Etikkrådet har i denne saka ikkje hatt høve til å gjere eigne feltundersøkingar, til dømes for å undersøke arbeidstilhøva ved dei aktuelle produksjonsfasilitetane i Xinjiang. Etikkrådet må derfor bygge på offentleg tilgjengeleg informasjon. I tråd med stortingsmeldinga om Statens pensjonsfond for 2021 har rådet også lagt vekt på risiko knytt til land og sektor, samt manglande informasjon frå selskapet si side.

Det er mange nyheitsoppslag og rapportar som beskriv dei pågåande menneskerettsbrota i Xinjiang, både kva gjeld interneringsleirar og bruken av tvangsarbeid. Det er derfor dokumentert at det å produsere i- eller kjøpe bestemte produkt frå denne regionen, inkludert tekstilar og bomull, inneber ein særleg risiko for å verte involvert i tvangsarbeid.

I denne saka indikerer annonsar på fleire nettsider at Li-Ning har inngått ein langsigktig produksjonsavtale med ein leverandør i Xinjiang. Denne leverandøren skal ha produksjon i ein interneringsleir og motteke mange arbeidarar gjennom statlege program for å nedkjempe fattigdom, noko som inneber ein stor risiko for tvangsarbeid. Andre offentleg tilgjengelege kjelder tilseier at Li-Ning har fleire leverandørar som er knytt til menneskerettsbrot i Xinjiang. Li-Ning har også uttala offentleg selskapet kjøper bomull frå Xinjiang, og at det vil halde fram med dette.

---

<sup>18</sup> [Informasjon på kinesisk] Nettarkiv frå Meipian,

<https://web.archive.org/web/20210330155051/https://www.meipian.cn/1imentq3#comment>

<sup>19</sup> ASPI, Uyghurs for Sale, <https://www.aspi.org.au/report/uyghurs-sale>

<sup>20</sup> Global Times (Statskontrollert kinesisk media), ‘Pure, white cotton shouldn’t be tainted!’ Chinese voice support for Xinjiang, 25. mars 2021, <https://www.globaltimes.cn/page/202103/1219499.shtml>

<sup>21</sup> Xinhua Net (Statskontrollert kinesisk media), Why Western mudslinging has failed to dampen Xinjiang cotton, 8. juli 2021, [http://www.xinhuanet.com/english/2021-07/08/c\\_1310050400.htm](http://www.xinhuanet.com/english/2021-07/08/c_1310050400.htm)

Basert på offentleg tilgjengeleg informasjon om Li-Ning sine leverandørar, samt den generelle risikoen knytt til tekstil- og bomullsproduksjon i regionen, meiner rådet at det er risiko for tvangsarbeid knytt til Li-Ning si verksemrd. Etikkrådet har ikkje motteke informasjon som tilseier at Li-Ning har undersøkt eller adressert denne risikoen, korkje kva gjeld Jinfujie eller andre leverandørar. Når selskapet heller ikkje svarar på rådet sine førespurnader, konkluderer rådet med at risikoen for at selskapet medverkar til mennerettsbrot, er uakzeptabel.

## 6 Tilråding

Etikkrådet tilrår at i Li Ning Co Ltd vert utelukka frå Statens pensjonsfond utland på grunn av ein uakzeptabel risiko for at selskapet medverkar til grove krenkingar av menneskerettane.

\*\*\*

Svein Richard Brandtzæg Fungerende rådsleder	Cecilie Hellestveit	Trude Myklebust	Siv Helen Rygh Torstensen
(Sign.)	(Sign.)	(Sign.)	(Sign.)